
Småskala kraftverk- næringsveg i bygdene på Vestlandet

Prosjektplan 2008 - 2010

Prosjekteigar: Norges Bondelag

1. Bakgrunn for satsinga

Norges Bondelag registrerer ein sterk auke i interessa for å byggje ut småskala kraftverk. Dette har sin bakgrunn i fleire faktorar: Frå juli 2000 fekk denne typen anlegg fritak for investeringsavgift og i 2004 fekk kraftverk med installert effekt < 5 MW fritak frå grunnrente- og naturressursskatt. Same året fekk Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) delegert myndigheit for kraftverk opp til 10 MW, politikarane ynskjer å satse på utbygging av denne typen kraftverk, straumprisane er sett over tid på veg opp og reknestykka syner god lønsemd for mange prosjekt.

NVE har også i stor grad medverka til den auka interessa gjennom rapporten "Beregning av potensial for små kraftverk i Norge" (nr 19/2004). Her har ein ved hjelp av kart og nedbørsmålingar gjort konkrete vurderingar for potensielle småkraftverk (under 10 MW). Alle relevante eigenskapsdata er utrekna i GIS og lagra i ein geografisk database. Det er også gjort kontroll i felt for ein kommune.

Det er identifisert over 45.000 fall i analysen og 9467 fall er godtatt som potensielle for utbygging. Av desse har 4128 ein utbyggingskostnad på under 3 kroner pr. kWh og 5339 ein utbyggingskostnad på mellom 3 og 5 kroner pr. kWh. Kartlegginga syner ein potensiell kraftproduksjon på 25 TWh fordelt på 18 TWh i gruppa med utbygging under kroner 3 pr. kWh og 7 TWh i gruppa med utbyggingskostnad mellom 3 og 5 kroner pr kWh.

Det største potensialet finn vi i fylka Sogn og Fjordane (5285 GWh), Nordland (3862 GWh), Hordaland (3693 GWh) og Møre og Romsdal (2696 GWh).

Med bakgrunn i denne rapporten registrerer vi eit stort press på grunneigarar som sit på fallrettar med låge utbyggingskostnader pr kWh. Lokale og nasjonale selskap ynskjer å kjøpe fallrettar, bli medeigarar i småkraftverk, planlegge og gjennomføre utbygging. Dei val som grunneigarar gjer i denne prosessen er avgjerande for kven som sit igjen med dei framtidige inntektene av utbygginga. Skal bonde/grunneigar sjølv forvalte og utnytte ressursen, eller skal fallrettane seljast til andre aktørar som står klar til å gjennomføre en utbygging? Gjennom ei systematisk bevisstgjerung og fagleg hjelp til bønder og grunneigarar kan næringa sjølv medverke til at rettane og verdiskapinga vert på garden og i bygda.

Bygging av mini- mikro- og småkraftverk er ein del av Regjeringa sin nærings-og miljøpolitikk.

I plattformen for det noverande regjeringssamarbeidet heiter det mellom anna at "*Eksisterende vannkraftstruktur må utnyttast bedre, og bruken av små-, mini- og mikrokraftverk må økes, uten å komme i konflikt med naturverninteresser*".

I Landbruks- og matdepartementet sin strategi for næringsutvikling i perioden 2007 – 2009 seier den overordna strategien følgjande om vasskraft: "*Næringsutvikling basert på gårdens ressurser er en type næringsutvikling som kan gi god lønnsomhet uten at det brukes investeringsvirkemidler som denne strategien omfatter. God planlegging er viktig både med tanke på miljøhensyn og økonomisk utbytte. Det kan derfor vurderes å gi utviklingsstøtte i områder der denne type næringsutvikling er aktuelt.*"

I protokollen frå jordbruksforhandlingane 2007 heiter det mellom anna ved omtale av dei sentrale bygdeutviklingsmidlane: *”Det bør innanfor rammen legges til rette for en økt satsing på småkraftproduksjon innanfor landbruket.”*

Både i Regjeringa si klimamelding og i Lavutslippsutvalet sin rapport blir det pekt på trongen for en *sterk økning i satsingen på elektrisitetsproduksjon fra fornybare energikilder* for å nå målet om lågare utslepp av CO₂.

Norges Bondelag har nylig etablert landbrukets energi- og klimautval. Formålet med utvalet er å samle næringsaktørane i landbruket bak ein samla nasjonal strategi for satsing på fornybar energi med utgangspunkt i landbruket sine ressursar.

Gjennom dette prosjektet vil Norges Bondelag bruke sitt organisasjonsapparat og sitt nettverk for å nå ut til bønder og grunneigarar med informasjon om kva ressursar dei rår over, kva moglegheiter ligg det i vasskraftutbygginga, kva er dei reelle problemstillingane, og tilbod om bistand i ein planleggings- og utbyggingsfase. For å sikre gode lokale og regionale rammevilkår vil prosjektet sikre nødvendig dialog og samarbeid blant anna med lokale nettselskap og fylkeskommunen.

Norges Bondelag organiserer til saman ca. 11.000 medlemmer, 151 lokallag fordelt på fylka, Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Prosjektet vil skje i et samarbeid med Småkraftforeninga.

2. Mål og tiltak

Hovudmål

Hovudmålet i prosjektet er å stimulere til og sikre ei miljøforsvarlig utbygging av mini- mikro- og småkraftverk med vekt på lokalt eigarskap og verdiskaping med basis i garden og bygda sitt ressursgrunnlag.

Delmål

Vegen fram til eit ferdig kraftverk er lang og krev mykje kunnskap på mange fagfelt. Her må ein vurdere nedbørsfelt og fall, fordeling av fallrettar mellom grunneigarar, planlegging av rørgate og kraftverk, konsesjonssøknad, line for levering av kraft, avtalar om sal av kraft, finansiering og drift. God planlegging, rette avtalar og god kommunikasjon mellom sentrale aktørar er viktig for om dette skal bli lønsame utbyggingar for grunneigarane.

Delmål 1: Sikre at mest mogleg av verdiskapinga vert verande på lokale hender

Korleis:

- I samarbeid med småkraftforeninga gje bønder og grunneigarar god førstehandsinformasjon om rettar, potensiale for utbygging, relevante problemstillingar knytt til juridiske, økonomiske og planmessige sider ved ei utbygging. Synleggjere dei gode døma.
- Gje råd om kvar den beste kompetansen kan innhentast under plan- og utbyggingsfasen.
- Hjelp til med organisering av grunneigarar og bruk av avtalar.

For å unngå dobbeltarbeid samordnast punkta i delmål 1. med Småkraftforeiningas prosjekt ”Utbygging av småskala vasskraftverk i eigen regi”.

Delmål 2: Sikre god kvalitet på planar og konsesjonssøknader som vert sendt NVE

Korleis:

- Kontakt med NVE for å avklare grunnlag for konsesjonssøknader og vilkår som må oppfyllest for å få konsesjon. Særleg vil dette gjelde krav om miljøomsyn.
- Informere grunneigarane om kva som må til, og kva kvalitet ein konsesjonssøknad må ha for å sikre ein raskast mogleg saksgang hos NVE. Dette vil også gjelde søknader knytt til verna vassdrag og til område som er verna etter naturvernlova.

Delmål 3: Sikre at innhaldet i fylkesvise planar for småkraftverk legg til rette for ei

utbygging med lokalt eigarskap.

Korleis:

- Synleggjere landbruket og bønder si rolle og deira interesser i fylkeskommunane sitt arbeid med etablering av dei fylkesvise planane for småkraftverk

- Medverke aktivt til å sikre planar som gjev høve til lokal miljøvenleg verdiskaping

Delmål 4: Sikre ei forsterking og utbygging av lokalt og regionalt nett, der dette er til hinder for vidare etablering av småkraftverk

Korleis:

- Medverke til samordning av planar for utbygging i kommunar og geografiske område
- Dialog og samarbeid med lokal netteigar
- Synleggjer problemstillingar knytt til finansiering av oppgradering av nett

Delmål 5: Legge til rette for møteplassar mellom offentlege og private aktørar

Korleis:

- Skipe til eit regionalt ”toppmøte” kvart år der politikarar på ulike nivå, utbyggerar, organisasjonar, styresmaktene og nettselskap i dei tre fylka på Vestlandet kan møtast

3. Ynskt resultat av prosjektet

- Auka medvit rundt verdien av eigne vassressursar og eit godt grunnlag for å ta gode avgjerder
- Bønder og grunneigarar har framleis råderett over ressursane, eller gode avtaler med kjøparar eller medeigarar
- Garden og lokalsamfunnet er sikra verdiskapinga frå vassressursane
- Det er laga gode planar som tek omsyn til både økonomi og miljø
- Det lokale og regionale kraftnettverket er styrka og er i mindre grad ein flaskehals for etablering av småskala kraftverk.
- Dialogen og samarbeidet mellom politikarar, grunneigarar/utbyggere og forvaltninga er styrka

4. Aktuelle samarbeidspartar i prosjektet

Småkraftforeininga

Småkraftforeininga er ein medlemsorganisasjon (500 medlemmer) for produsentar av vasskraft frå mikro-, mini- og småkraftverk. Foreininga har som mål å medverke til å realisere småkraftverk med størst mogleg grad av lokalt eigarskap. Småkraftforeininga tilbyr faglig rettleiing og driv ein aktiv næringspolitikk for å sikre næringa best mogleg råmevilkår. For at prosjektet skal lukkast vil det vere avgjerande å få til et godt samarbeid og god arbeidsfordeling mellom Bondelaget og Småkraftforeininga. Småkraftforeininga har kompetanse og erfaring og Bondelaget et godt utviklet organisasjonsapparat og nettverk med til saman ca. 11 000 medlemmer fordelt på fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. For å gjennomføre tiltaka i prosjektet vil det vere aktuelt å kjøpe tenester frå Småkraftforeininga, vise bønder og grunneigarar til foreininga der det er føremålstenleg og samarbeide om utvikling og gjennomføring av mellom anna kurs, og konferansar. Til saman vil desse to organisasjonane kunne oppnå et vesentleg løft i høve til å nå målet om å sikre lokalt eigarskap og verdiskaping til vassressursane.

Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE)

NVE er ein viktig samarbeidspartnar for prosjektet. Dei er konsesjonsstyresmakt i høve både nye kraftverk og nye liner. Dei fastset og føl opp forskrifter om tilknytning til nettet og forskrifter om kraftsystemplanlegging. Dei har også tilsyn med om konsesjonsvilkår vert etterlevd samt eit ansvar for informasjon og kunnskapsbygging. Ei utfordring som NVE spesielt peker på er kravet til miljøomsyn ved utbygging. Dei minst "konfliktfylte" elvane/vassdraga er allereie utbygd og nye utbyggingar vert difor meir krevjande. For prosjektet vil NVE vere ein samarbeidspartnar særskild i høve det som vedkjem kvaliteten på konsesjonssøknadene knytt til miljø samt oppgradering av nettkapasitet.

Energiselskapa

Når det gjeld energiselskapa er det naturleg med eit samarbeid særskild i høve spørsmål som vedkjem nettilknytning og sal av kraft. Det lokale og regionale nettet har kapasitetsproblem i fleire geografiske område på Vestlandet. Særleg kjem dette til syne i fleire område i Sogn og Fjordane. Skal ein lukkast med å få småkraft på nettet er ein avhengig av samordning av ulike utbyggingsprosjekt og ein er avhengig av eit godt samarbeid med nettselskapa i dei ulike energiselskapa.

Fylkeskommunane og kommunane

Fylkeskommunane har ansvar for å utarbeide fylkesvise planar for småkraftverk. Til dømes er arbeidet under oppstarting i Sogn og Fjordane. Det er naturleg at prosjektet føl nært det arbeidet som føregår i regi av fylkeskommunane i dei tre fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Når det gjeld kommunane, finst det døme på kommunar som har laga egne planar der dei synleggjer potensialet for småkraftutbygging samstundes som planane gjer greie for naudsynt infrastruktur som må utbetrast for å kunne realisere planane. Det er naturleg at prosjektet fungerer som ein pådrivar for å få til liknande planar i alle kommunane i dei tre fylka der potensialet for utbygging av småkraftverk er til stades. Dette må skje i eit nært samarbeid med kommunane.

Fylkesmennene

Fylkesmennene i dei tre fylka har engasjert seg ulikt når det gjeld satsinga på Småkraftverk. Medan ein i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har hatt lite drahjelp frå denne etaten har

ein hos Fylkesmannen i Hordaland si landbruksavdeling hatt eit eige prosjekt som vert avslutta i januar 2008. Prosjekt Småkraftverk i Hordaland er eit samarbeidsprosjekt i RUP for Hordaland mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen og nokre kommunar og kraftlag. Det vil vere naturleg for vårt prosjekt å hauste av dei erfaringane som er gjort i Hordaland og byggje vidare på dei. Fylkesmennene er viktige ved miljøvurdering av dei ulike utbyggingane samt kan vere ein god samarbeidsaktør på utviklingssida når det gjeld nye prosjekt. Særleg etterkvart som utbyggingane vert meir krevjande både i høve miljøomsyn og i høve dei økonomiske marginane.

Lokale turistforeiningar og naturverninteresser

Det vil for prosjektet vere viktig å ha ein god dialog med brukarane av naturen, for å dempe eventuelle konflikhtar mellom utbyggjarinteressene og brukargruppene. Dette kan også vere lokalbefolkning som ikkje er med mellom utbyggjarane.

Energiutval i Sogn og Fjordane Bondelag

Sogn og Fjordane Bondelag oppretta hausten 2005 et eige Energiutval. Utvalet har mellom anna gjennomført to ”Toppmøte om energi” med stortingspolitikarar, ordførarar, lokale kraftselskap og NVE der ein i fellesskap har sett på potensialet for lokal næringsutvikling knytt til småkraftverk og flaskehalsar som må løysast. Det er naturleg for prosjektet å samarbeide med og hauste erfaringar frå arbeidet i energiutvalet i Sogn og Fjordane Bondelag.

5. Organisering, omfang og avgrensing

Prosjektet vert eigd av Norges Bondelag i samarbeid med Småkraftforeninga. Prosjektleiinga vert lagt til Sogn og Fjordane Bondelag med avdelingskontor i Førde. Det geografiske arbeidsområdet for prosjektleiing er knytt til dei tre Vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal. Disse fylka er vald fordi det er her potensialet for utbygging og trongen for å sette inn ressursar er størst. Avdelingskontoret i Førde samarbeider tett med Skogeierforeningen Vest og drifter i fellesskap prosjektet ”utmarksbasert reiseliv”. Miljøet ligger derfor faglig og organisatorisk godt til rette for å drifte prosjektet ”Småskala kraftverk - næringsveg i bygdene på vestlandet”.

Prosjektet vil ha ei tidsramme på 3 år med prosjektstart frå 1.1. 2008. Prosjektet skal ferdigstillast innan 31.12. 2010. Prosjektet har ei kostnadsramme på kr 950 000,- årlig over 3 år.

Det vert tilsett ein prosjektleiing for å drifte og gjennomføre prosjektet. I tillegg til prosjektleiing vert det etablert ei styringsgruppe med ansvar for framdrift og økonomien i prosjektet og det vil bli etablert ein referansegruppe samansatt av sentrale samarbeidspartar som til døme lokale nettselskap, kommunar, NVE.

Styringsgruppa

- Felles representant frå Bondelaga i dei tre fylka
- Felles representant frå Fylkesmannen i dei tre fylka
- Norges Bondelag
- Småkraftforeninga

6. Kritiske suksessfaktorar

De kritiske suksessfaktorane i prosjektet vil være knytt til:

- Nødvendig engasjement frå eigarar og samarbeidspartnarar i prosjektet
- Sikre ei god samordning og arbeidsdeling mellom prosjektet og aktivitetar i regi av Småkraftforeninga
- Oppnå målbare resultat i form av fleire lokale og grunneigareigde kraftverk med god økonomi og som tilfredsstillar krava til konsesjon på ein god måte
- Opprette god kontakt med alle aktørar innan småkraft i dei tre vestlandsfylka spesielt og medverke med kunnskap som kjem ei satsing i heile landet til gode.
- Sikre tilstrekkelig finansiering for gjennomføring av prosjektet